HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteprotokoll

**Utval:** **Opplærings- og helseutvalet**
**Møtestad:** Skulebesøk i Oslo 16.09.14
Saksførehaving 17.09.14 Hotel Scandic Ørnen
**Dato:** 17.09.2014
**Tidspunkt:** 10:00 – 14.45

**Følgjande faste medlemmer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Jette Lunemann Hansen | Medlem | A |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A |
| Toralv Mikkelsen | Medlem | A |
| Jane Kirsti Stangeland | Medlem | A |
| Roald Stenseide | Leiar | FRP |
| Rosalind Fosse | Medlem | FRP |
| Dan Stian Femoen | Nestleiar | H |
| Gunn Mari Moberg (permisjon frå kl. 13.45) | Medlem | H |
| Børge Lunde | Medlem | H |
| Aslaug Hellesøy | Medlem | KRF |
| Alexander Fosse Andersen | Medlem | FL SP/MDG |
| Bjørnar Hamre | Medlem | V |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Ingrid Reitan | Medlem | H |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Martha Drønen Madsen | Ingrid Reitan | H |

**Merknader**
Forfall 16.09: Børge Lunde og Ingrid Reitan (ingen vararepr. deltok )

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Svein Heggheim | Fylkesdirektør opplæring |
| Arne Åsan | Fylkestannlege |
| Helge Håvardtun | Eigedomssjef |
| Birthe Haugen | Seksjonsleiar fellestenester |
| Linda Farestveit | Seksjonsleiar skule |
| Trond Harald Alvær | Rådgjevar |
| Odd Bjarne Berdal | Rådgjevar |
| Petter Borthen | Rådgjevar |
| Øydis Rydland Ziem | Utvalsekretær |

**Sakliste**

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 47/14 | Godkjenning møteinnkalling og saksliste | | |
| PS 48/14 | Godkjenning møteprotokoll forrige møte | | |
| PS 49/14 | Referatsaker (Meldingar) | | |
| RS 45/14 | Møteplan for folkevalde organ 2015 - utkast | 2014/15640 | |
| RS 46/14 | Årsmelding NDLA | 2014/17902 | |
| RS 47/14 | Status vedk. prøveprosjekt mobbeombod | 2014/16324 | |
| RS 48/14 | Søknad om oppretting av landsdekkande linje innan toppidrett, vinteridrett, ved Voss Gymnas, HFK, frå skuleåret 2015/16. | 2014/17304 | |
| RS 49/14 | Melding om lokal læreplan for innføringsklassar i Hordaland | 2014/19795 | |
| RS 50/14 | Melding om sommarskulen 2014 og Leksehjelpen 2013-14 | 2014/13286 | |
| RS 51/14 | Samanlikning av karakterar til inntak i Vg1 og etter avsluttande Vg3 fordelt etter utdanningsprogram | 2014/362 | |
| PS 50/14 | Oppfølging av skulebruksplanen | 2014/10030 | |
| PS 51/14 | Tiltak mot rus i dei vidaregåande skulane | 2014/15743 | |
| PS 52/14 | Høyring om etablering av formgjeving som eiget studieførebuande utdanningsprogram | 2014/18536 | |
| PS 53/14 | Høyring - kryssløp Vg1 teknikk- og industriell produksjon til Vg2 smed | 2014/20201 | |
| PS 54/14 | Administrasjonsspråk i Hordaland fylkeskommune | 2014/16834 | |
| PS 55/14 | Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland | 2014/19439 | |
| PS 56/14 | Opplæring av faglege leiare og instruktørar i lærebedrifter | 2014/862 | |
| PS 57/14 | Fleksibilitet i fag- og timefordelinga | 2014/19993 | |
| PS 58/14 | Rekruttering til helse og omsorgsfag | 2014/20202 | |
| PS 59/14 | Lokal inntaks- og formidlingsforskrift | 2014/17732 | |
| PS 60/14 | Ymse | | |

## PS 47/14 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

Representanten **Rasmus A. Rasmussen** hadde følgjande merknad:

> «Møte i Opplærings- og helseutvalet som vert haldne i møtelokale utanfor fylkeshuset må berre leggjast til verksemder som har godkjend tariffavtale.»

## PS 48/14 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i OPHE 3. juni vart samrøystes godkjend.

## PS 49/14 Referatsaker (Meldingar)

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**RS4514**: **Møteplan 2015**.

Vedtak: Oppsett møte i OPHE 08.09.15 går ut.

**Vedtak**

Øvrige referatsaker vart tekne til etterretning.

**RS 45/14 Møteplan for folkevalde organ 2015 - utkast**

**RS 46/14 Årsmelding NDLA**

**RS 47/14 Status vedk. prøveprosjekt mobbeombod**

**RS 48/14 Søknad om oppretting av landsdekkande linje innan toppidrett, vinteridrett, ved Voss Gymnas, HFK, frå skuleåret 2015/16.**

**RS 49/14 Melding om lokal læreplan for innføringsklassar i Hordaland**

**RS 50/14 Melding om sommarskulen 2014 og Leksehjelpen 2013-14**

**RS 51/14 Samanlikning av karakterar til inntak i Vg1 og etter avsluttande Vg3 fordelt etter utdanningsprogram**

**RS 52/14 Møte i opplærings- og helseutvalet 3. juni 2014 sak 44/2014 - Oppfølging av skolebruksplanen**

**RS 53/14 Anmodning om uttalelse - Norges Realfagsgymnas Sotra AS - Søknad etter privatskoleloven**

## PS 50/14 Oppfølging av skulebruksplanen

**Forslag til innstilling**

### Region Sør og ST Stor-Bergen

a) Avgjerda om framtida til Fana gymnas vert framskunda med eitt år, og forslag til framtidig struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen vert lagt fram som politisk sak våren 2015. Fysisk samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs må vurderast i denne samanheng.

### Bergen Vest

a) Strukturelle endringar i tilbodsstrukturen i Bergen Vest heng saman med tilbodsstrukturen på ST i Stor-Bergen. Våren 2015 skal det takast ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endringar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

### Region Nord

a) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs
b) I programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg- og anleggsfag skal vere ein del av tilbodet ved skulen
c) Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold ligg føre:
    i. Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs
    ii. Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen
    iii. Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.
    iv. Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.

Vurderingane vedkomande Nye Åsane vgs vert lagt fram som ei eiga sak for politisk utval

tentativt i desember 2014.

## Fagskulen

a) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande endringsforslag til pkt. a, Region Nord:

«Fylkestingsvedtak om samlokalisering av Arna vgs og Garnes vgs følges opp».

**Røysting**
Rasmussen sitt forslag til pkt. a, Region Nord**,** fekk 5 røyster (AP/SP) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. Region Nord vart vedteke med 8 røyster (FRP/H/V/KRF).
Fylkesrådmannen sitt forslag til Region Sør og ST Stor-Bergen, Bergen Vest, Region Nord pkt. b og c, og Fagskulen vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

## Region Sør og ST Stor-Bergen

b) Avgjerda om framtida til Fana gymnas vert framskunda med eitt år, og forslag til framtidig struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen vert lagt fram som politisk sak våren 2015. Fysisk samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs må vurderast i denne samanheng.

## Bergen Vest

b) Strukturelle endringar i tilbodsstrukturen i Bergen Vest heng saman med tilbodsstrukturen på ST i Stor-Bergen. Våren 2015 skal det takast ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endringar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

## Region Nord

d) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs
e) I programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg- og anleggsfag skal vere ein del av tilbodet ved skulen
f) Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold ligg føre:
    v. Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs
    vi. Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen
    vii. Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.
    viii. Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.

Vurderingane vedkomande Nye Åsane vgs vert lagt fram som ei eiga sak for politisk utval tentativt i desember 2014.

# Fagskulen

b) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

Representanten **Dan Femoen** hadde følgjande protokollmerknad:

> **«**Forutsetter at saksgangen kommer tydelig fram i fremtidig saksframlegg**».**

## PS 51/14 Tiltak mot rus i dei vidaregåande skulane

**Forslag til vedtak**

Opplærings- og helseutvalet tek saka til orientering og sluttar seg til fylkesrådmannen sitt forslag om å utarbeide ein tiltaksplan mot rus i tråd med føringar i *Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014–2026*

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Opplærings- og helseutvalet tek saka til orientering og sluttar seg til fylkesrådmannen sitt forslag om å utarbeide ein tiltaksplan mot rus i tråd med føringar i *Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014–2026*

## PS 52/14 Høyring om etablering av formgjeving som eiget studieførebuande utdanningsprogram

**Forslag til innstilling**

1. Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav.
2. Dei felles programfaga *Visuelle kunstfag 1, 2 og 3* og *Design og arkitektur 1, 2 og 3* i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast.
3. *Film* og eit *fordjupingsemne på Vg3* bør opprettast som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet.
4. Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere *Utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur*. Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium.

Forslaga vil ikkje føre til auka økonomiske og administrative konsekvensar for skuleeigar.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande endringsforslag:

> «Nytt i pkt. 4: Utdanningsprogram for *visuell* kunst, design og arkitektur»

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med endringsforslaget frå Dan Femoen.

**Innstilling**

| | |
|---|---|
| 1 | Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav. |
| 2 | Dei felles programfaga *Visuelle kunstfag 1, 2 og 3* og *Design og arkitektur 1, 2 og 3* i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast. |
| 3 | *Film* og eit *fordjupingsemne på Vg3* bør opprettast som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet. |
| 4 | Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere *Utdanningsprogram for visuell kunst, design og arkitektur*. Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium. |

## PS 53/14 Høyring - kryssløp Vg1 teknikk- og industriell produksjon til Vg2 smed

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet støttar framlegget om å opprette kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fylkesutvalet støttar framlegget om å opprette kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed.

## PS 54/14 Administrasjonsspråk i Hordaland fylkeskommune

**Forslag til vedtak**

Opplærings- og helseutvalet tek saka til orientering.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Opplærings- og helseutvalet tek saka til orientering.

## PS 55/14 Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek å senda på høyring utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til alle kommunar og aktuelle organisasjonar i fylket. Høyringsperioden vert 1. oktober til 1. november 2014.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande forslag:

> «Forslaget om å legge ned tannklinikkene i Fedje, Masfjorden og Modalen tas ut av høringsutkastet».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande endringsforslag:

> ««Høyringsperioden vert 1.oktober til 1. november 2014» vert endra til:
> Høyringsperioden vert 1. oktober til 14. november 2014»».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande oversendingsforslag:

> «OPHE ber administrasjonen undersøke moglegheita til å kjøpe tannlegetenester frå private tannlegepraksisar i tilfelle kor reiseavstanden blir betydeleg lågare og legge utgreiinga fram før endeleg behandling av saken».

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande oversendingsforslag:

> «Fylkestannlegen bes gå i samtaler med Masfjorden kommune med sikte på å overdra ansvaret for tannklinikken frå fylkeskommunen til kommunen frå nyttår».

**Røysting**
Rasmussen sitt forslag fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke saman med Hamre sitt endringsforslag.
Oversendingsforslaga frå Hamre og Femoen vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

**Innstilling**

Fylkesutvalet vedtek å senda på høyring utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til alle kommunar og aktuelle organisasjonar i fylket. Høyringsperioden vert 1. oktober til 14. november 2014.

## PS 56/14 Opplæring av faglege leiare og instruktørar i lærebedrifter

**Forslag til innstilling**

| | |
|---|---|
| 1 | OPHE tar planen for opplæring av faglege leiarar og instruktørar til orientering |
| 2 | OPHE ber Opplæringsavdelinga om å setje av eller budsjettere med naudsynte ressursar for at planen kan gjennomførast slik den er lagt fram. Opplæringsavdelinga lagar budsjett for gjennomføring over ein periode på 5 år |
| 3 | OPHE understrekar at HFK er eigar av kursa og ansvarleg for kvaliteten |

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.09.2014**

**Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

| | |
|---|---|
| 1 | OPHE tar planen for opplæring av faglege leiarar og instruktørar til orientering |
| 2 | OPHE ber Opplæringsavdelinga om å setje av eller budsjettere med naudsynte ressursar for at planen kan gjennomførast slik den er lagt fram. Opplæringsavdelinga lagar budsjett for gjennomføring over ein periode på 5 år |
| 3 | OPHE understrekar at HFK er eigar av kursa og ansvarleg for kvaliteten |

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

| | |
|---|---|
| 1 | OPHE tar planen for opplæring av faglege leiarar og instruktørar til orientering |
| 2 | OPHE ber Opplæringsavdelinga om å setje av eller budsjettere med naudsynte ressursar for at planen kan gjennomførast slik den er lagt fram. Opplæringsavdelinga lagar budsjett for gjennomføring over ein periode på 5 år |
| 3 | OPHE understrekar at HFK er eigar av kursa og ansvarleg for kvaliteten |

## PS 57/14 Fleksibilitet i fag- og timefordelinga

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til høyringsuttalen i saksutgreiinga.

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til høyringsuttalen i saksutgreiinga.

## PS 58/14 Rekruttering til helse og omsorgsfag

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 19.03.2014 der representantane Jane Stangeland (AP) og Aslaug Hellesøy (KRF) stilte følgjande spørsmål:

> *«Få ei sak/diskusjon i seminar/ om utfordringane når det gjeld rekruttering og utdanning til helse- og sosialsektoren. I den samanheng også vurdere ulike tiltak innan vaksenopplæring for å auke kompetansen inkludert språkkompetansen.»*

> *«Rekruttering til helse- og omsorgsfag: Seminar der ein ser på alle sider av rekrutteringsutfordringane. Vurdering av: Aktuelt å bruke kompetansebevis «delkompetanse» - praksisbrev? Stimuleringstiltak? Auka fokus på språkopplæring?»*

Opplærings- og helseutvalet etterspurte i nemnde møte *ønskje om seminar/samling vedk. utfordringar vedk. rekruttering til helse- og sosialsektoren.*

Rekruttering til helse- og omsorgsutdanningane er ei nasjonal utfordring (jamf *NIFU Rapport 5/2013*) og Fylkesrådmannen vil fremja ei sak, der ulike sider ved rekrutteringsarbeidet vert sett fokus på innanfor vidaregåande opplæring, vaksenopplæring og helsefagskulen.

Opplæring- og helseutvalet har også tidlegare handsama saker av betydning for rekrutteringa til helse- og sosialsektoren i møta 14.02.2012 (melding 19/12), 27.03.2012 (melding 27/12), 13.12.2011 (sak 69/11), 18.09.2012 . Opplæring og helseutvalet bad 23.11.2011 Hordaland fagskulestyre om å fremja ei sak om strategi for rekruttering i helsefaga i fagskulane.

På bakgrunn av dette har Fylkesrådmannen forslag til tiltak som kan bidra til auka rekruttering av unge og vaksne til helse- og omsorgssektoren. Samarbeidsfora, oppsøkjande informasjonsarbeid, marknadsføring og konkrete informasjonstiltak vert vektlagt i saka. Språkvanskar er trass i mange pågåande og gode tiltak ei stor utfordring grunna m.a. aukande tal minoritetspråklege unge og vaksne.

**Forslag til vedtak**

| | |
|---|---|
| **1** | Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget om å oppretta ei ekstern arbeidsgruppe som har til føremål å samarbeida om rekrutteringstiltak for å møta utfordringane i helse- og omsorgssektoren. Det vert kalla inn til seminar i januar/februar 2015. |
| **2** | Opplærings- og helseutvalet vedtek at det skal løyvast pengar til informasjon og rettleiingsarbeid der tilsette som arbeider i den vidaregåande skulen og helsefagskulen kan ha direkte kontakt med bedrifter/institusjonar ute i kommunane (rekrutteringskampanje). |
| **3** | Opplærings- og helseutvalet merkar seg utfordringane med språkopplæringa og vil bidra til å halda merksemda oppe slik at dette området stadig vert forbetra. |

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

Representantane **Rasmus L. Rasmussen** og **Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande forslag:

> Nytt pkt. 4: Muligheter for å starte et prøveprosjekt med programfag HO etter modell fra teknologilinjen på Sotra vgs utredes og legges fram som sak i OPHE.
> Nytt pkt. 5: OPHE ber også om i samme sak å få utredet andre aktuelle opplæringsløp.»

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av H/FRP/V:

> «Forslaget til nytt pkt. 4 vurderes i forbindelse med budsjettet for 2015. Kostnaden ved prosjektet må også dokumenteres».

**Røysting**
Rasmussen/Hellesøy sitt forslag til nytt pkt. 4 og nytt pkt. 5 fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.
Femoen sitt oversendingsforslag vart vedteke oversend fylkesrådmannen.

**Vedtak**

| | |
|---|---|
| **1** | Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget om å oppretta ei ekstern arbeidsgruppe som har til føremål å samarbeida om rekrutteringstiltak for å møta utfordringane i helse- og omsorgssektoren. Det vert kalla inn til seminar i januar/februar 2015. |
| **2** | Opplærings- og helseutvalet vedtek at det skal løyvast pengar til informasjon og rettleiingsarbeid der tilsette som arbeider i den vidaregåande skulen og helsefagskulen kan ha direkte kontakt med bedrifter/institusjonar ute i kommunane (rekrutteringskampanje). |
| **3** | Opplærings- og helseutvalet merkar seg utfordringane med språkopplæringa og vil bidra til å halda merksemda oppe slik at dette området stadig vert forbetra. |

## PS 59/14 Lokal inntaks- og formidlingsforskrift

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 1.1.2015.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande endringsforslag til pkt. 1:

> «Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for HFK med følgjande endring for §2:
> I Hordaland fylkeskommune har vi et geografisk styrt inntak. Det innbærer at elevene har rett til å gå på sin nærskole. For å ivareta elevenes frihet til å velge skole selv kan de som ønsker det si

fra seg retten til å gå på sin nærskole og søke seg til andre skoler på grunnlag av karakterer dersom de ønsker det. De resterende paragrafene innfases i tråd med prinsippene som er slått fast i §2.»

Representanten **Jane K. Stangeland** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Utvalet ynskjer ei orientering om retningsliner for opptak av elever på særskilt grunnlag».

**Røysting**

Rasmussen sitt forslag til nytt pkt. 1 fekk 5 røyster (AP/SP) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart vedteke med 8 røyster (H/FRP/V/KRF).
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 og 3 vart samrøystes vedteke.
Oversendingsforslaget frå Stangeland vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

**Innstilling**

| | |
|---|---|
| **1** | Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka. |
| **2** | Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 1.1.2015. |
| **3** | Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta |

## PS 60/14 Ymse

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014**

**Følgjande dokument vart delt ut i møtet:**

2014/20824: Brev (udatert) frå lokallaget i Utdanningsforbundet og lokallaget i Norsk lektorlag vedk. oppfølging av skulebruksplanen.

2014/20188: Brev frå UDIR datert 26.08.17 vedk. søknad frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS om godkjenning av ny vidaregåande skule

**OPEN TIME**

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** stillte følgjande spørsmål:

«Kor stor del av elevane i vgs i Hordaland har meir enn 1 times reiseveg?»

Fylkesdirektør opplæring utarbeider melding/notat til OPHE.

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** stillte spørsmål vedk. arbeidet med implementering av metodikken frå NY GIV inn i vgs (jfr. HFK sine nettsider).

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet.

Representanten **Alexander Fosse Andersen** stillte spørsmål vedk. eventuell innsparing av fylkeskommunale midlar i samband med lærarstreiken ved 15 vidaregåande skular i HFK.

Fylkesdirektør opplæring utarbeider notat/melding til OPHE med oppsummering av ulike tiltak som er/vil bli sett i verk.

Representanten **Toralv Mikkelsen** stillte spørsmål vedk. kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg.

Fylkesdirektør opplæring/eigedomsjefen svara på spørsmålet.